



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Lunde, Rådhuset i Tysnes
Dato: 14.04.2016
Tidspunkt: 10:00 – 14.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor – heile møtet, unnateke PS 23/16 og 24/16
Maia Finnes Sollid	Forvaltningsrevisor – heile møtet, unnateke PS 23/16 og 24/16
Helge Drange	Konsulent – i PS 15/16 og PS 23/16
Ivar Erstad	Prosjektsjef – i PS 15/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskom. – heile møtet, unnateke PS 23/16

Britt Sørensen Dalsgård
utvalgsleiar

Kari Marie Nygard
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 13/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 14/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 15/16	Orienteringssak om kommunen sine rutinar vedr. offentlege innkjøp		2016/77
PS 16/16	Overordna analyse vedr. plan for forvaltningsrevisjon - prosessmøte nr. 1		2015/196
PS 17/16	Overordna analyse vedr. plan for selskapskontroll - prosessmøte nr. 1		2015/197
PS 18/16	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for Tysnes kommune		2016/69
PS 19/16	Årsmelding for kontrollutvalet i Tysnes kommune for 2015		2016/72
PS 20/16	Kurs i regi av Deloitte - vidare planlegging		2015/1
PS 21/16	Referatsaker		
RS 5/16	Tysnes kommune - budsjett og økonomiplan 2016 - 2019		2016/73
RS 6/16	Opplysningar om gjennomførte tilsyn i Tysnes kommune i 2015		2016/70
RS 7/16	Finansforvaltningsrapport pr. 31.03.16		2016/73
RS 8/16	Rekneskap pr. 04.04.16 - Kontrollutval og revisjon		2016/45
RS 9/16	Særutskrift vedr. kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar		2015/197
RS 10/16	Innkalling til generalforsamling i SIM		2015/197
PS 22/16	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 23/16	Eventuelt		
PS 24/16	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Tysnes kommune - Val av revisor		2014/256

PS 13/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 14/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 18.02.16.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 18.02.16 vart samrøystes godkjent.

PS 15/16 Orienteringssak om kommunen sine rutinar vedr. offentlege innkjøp

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Helge Drange orienterte om innkjøpsarbeid i kommunen generelt, og om strategi og rutinar for arbeidet. Tysnes kommune er med i Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, og utfører ein del oppgåver for innkjøpsforumet. Prosjektsjef Ivar Erstad orienterte om innkjøpsrutinar og risikoforhold rundt prosjekt med anskaffing av tenester, samt kontrakts- og leverandøroppfølging for prosjekt med bygging av nytt omsorgssenter. Kontrollutvalet kom med spørsmål og kommentarar til orienteringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 16/16 Overordna analyse vedr. plan for forvaltn.revisjon - prosessmøte nr. 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr og Maia Finnes Sollid frå Deloitte innleia til saka med å gjennomgå innspel som er kome fram etter spørjeundersøking som er sendt ut til mellomleiarar og tillitsvalde i Tysnes kommune. Kontrollutvalet kom med innspel til arbeidet vidare.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

PS 17/16 Overordna analyse vedr. plan for selskapskontroll - prosessmøte nr. 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr og Maia Finnes Sollid frå Deloitte orienterte om arbeidet med overordna analyse, og og viste til selskap som Tysnes kommune har eigardelar i. Kontrollutvalet kom med innspel til arbeidet vidare.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

PS 18/16 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for Tysnes kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Tysnes kommune i 2015 har nådd målsetjinga om tal arbeidsgjevarkontrollar. Vidare vil utvalet peika på at det vil vera viktig for kommunen å sikra at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar, også vidare framover.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Saka vart kort gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Tysnes kommune i 2015 har nådd målsetjinga om tal arbeidsgjevarkontrollar. Vidare vil utvalet peika på at det vil vera viktig for kommunen å sikra at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar, også vidare framover.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

PS 19/16 Årsmelding for kontrollutvalet i Tysnes kommune for 2015

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2015.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Årsmeldinga vart gjennomgått og kontrollutvalet kommenterte at årsmeldinga inneheld oversiktleg og god informasjon om kva kontrollutvalet har utført i 2015. Utvalet peika på at det bør gjevast ein kort presentasjon av årsmeldinga for kommunestyret. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2015.

PS 20/16 Kurs i regi av Deloitte - vidare planlegging**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra kurs med tema «Lov og forskrift om offentlege anskaffingar».
2. Sekretariatet vert beden om å planlegga innhald i kurset, og omfang / lengde på kurset i samråd med Deloitte og administrasjonen.
3. Kurset vert planlagt gjennomført i samband med eit av møta i kontrollutvalet til hausten.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet sa seg einig i valg av kurs og tid for gjennomføring. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra kurs med tema «Lov og forskrift om offentlege anskaffingar».
2. Sekretariatet vert beden om å planlegga innhald i kurset, og omfang / lengde på kurset i samråd med Deloitte og administrasjonen.
3. Kurset vert planlagt gjennomført i samband med eit av møta i kontrollutvalet til hausten.

PS 21/16 Referatsaker**Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016****Handsaming i møtet:**

Sidan leiargruppa i kommunen var til Rosendal i møte, og ikkje hadde høve til å gje orientering i aktuelle saker, vart nokre av referatsakene å koma tilbake til på neste møte.

- Tysnes kommune – budsjett og økonomiplan. Vert å koma nærmare tilbake til på neste møte.
- Oversyn over gjennomførte tilsyn i Tysnes kommune. Gjennomgått og teke til orientering.
- Finansforvaltningsrapport pr. 31.03.16. Vert å koma nærmare tilbake til på neste møte.
- Rekneskap pr. 04.04.16 for kontrollutval og revisjon. Gjennomgått og teke til orientering.
- Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar. Gjennomgått og teke til orientering.
- Innkalling til generalforsamling i SIM. Gjennomgått og teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering. Nokre av referatsakene kjem ein attende til på neste møte.

PS 22/16 Gjennomgang av møteprotokollar**Forslag til innstilling/vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016**Handsaming i møtet:**

Møteprotokollar vart gjennomgått. Det var ingen saker som var aktuelle å be om meir informasjon om nå. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 23/16 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Etter at det ordinære kontrollutvalsmøtet var slutt og sekretariatet hadde forlatt møtet, fekk utvalet (unntatt Lorentz Lunde, som måtte forlate møtet pga ein avtale), ei orientering frå Helge Drange frå Sunnhordlands innkjøpsforum om anbudsprosessen med sekretariatstenester for kontrollutvalet. Prosessen har si bakgrunn i kommunestyresak PS 29/15.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 24/16 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Tysnes kommune - Val av revisor

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Tysnes kommune vel som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 14.04.2016

Handsaming i møtet:

Kari Nygard frå sekretariatet orienterte om resultatet av evalueringa av dei innkomne tilboda. Utvalsleiaren refererte frå gjennomgang og drøfting på førre møte om evalueringa.

Innstillinga i saka var samrøystes.

Innstilling:

Kommunestyret i Tysnes kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.